



Møteprotokoll for Utval for levekår

Møtedato: 17.02.2015
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16:00 - 21:00

Møtet vart styrt av utvalsleiar Kåre Skibenes.
Medlemmene var innkalla i skriv d. 09.02.15 og møtet var kunngjort i pressa 10.12.14 og 11.02.15.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Kåre Skibenes	KRF	Utvalsleiar
Elna H Bjørndal	H	Nestleiar
Mabel Johansen	H	Medlem
Ørjan Kristiansen	FrP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Morten Sakstad	SAM	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Grethe W Sjøiland Sæthre	AP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Øyvind Oddekalv	AP

Mabel Johansen kom kl. 17:00.

Morten Sakstad fekk permisjon frå kl. 20:30

Avrøysting i sak 05 vart gjort til sist i møtet, og Morten Sakstad var såleis ikkje til stades ved avrøystinga i saka.

Av 9 medlemmer var 8 til stades ved handsaming av sakene 01 - 03 og 05.

Av 9 medlemmer var 9 til stades ved handsaming av sakene 04, 06 - 14.

Desse møtte frå administrasjonen:

Rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam. Sosialkurator Tove Hagenes til sak 04. Koordinator heimetenesten Rannveig Bovim til sak 05. Skulefagleg rådgjevar Reidun Johannessen til sak 06. Barnehagefagleg rådgjevar Mette M. Træland til sak 07. Tenestområdeleiar kultur Bente B. Kleiva til sakene 08-11.

Protokollfører: Helge Kvam

16. februar 2015

Kåre Skibenes
utvalsleiar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
01/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2015	Godkjenning av møtebok
03/2015	Referatsaker
04/2015	Arbeid med introduksjonsprogram i Meland kommune
05/2015	Arbeid med individuell plan i Meland kommune
06/2015	Symjeopplæring i grunnskulen - Utreiing av moglege tiltak på kort og lang sikt
07/2015	Førebels utkast til kapasitetsdelen i barnehageplanen
08/2015	Friluftslivets år kommune
09/2015	Kulturminneplan for Meland kommune 2016 - 2021 - Planprogram på høyring
10/2015	Revidering av retningsliner for Kulturmidlar i Meland kommune
11/2015	Vedtekter for Meland kulturskule
12/2015	Førebyggjande tiltak og oppfølging ungdom
13/2015	Status temaplan HSO
14/2015	Aktuelle saker

01/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 01/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

02/2015: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå møte 18.11.14 vert godkjent.

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 02/2015 VEDTAK:

Møtebok frå møte 18.11.14 vert godkjent.

03/2015: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

Reidun Johannessen orienterte om skriv 03-2015.1, og det vart delt ut skisse frå Utdanningsdirektoratet, SWOT for skoleeier.

ULK - 03/2015 VEDTAK:

Meldingane og orienteringa vert tekne til orientering.

04/2015: Arbeid med introduksjonsprogram i Meland kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret tek informasjon om arbeid med introduksjonsprogram til vitande. Integreringsverksemd av flyktningar er eit samfunnsansvar, og det er difor sentralt at kommunen samordner og koordinerer ulike tenesteområder og samfunnsliv i arbeidet. Aktuelle mål, strategiar og tiltak for verksemda/målgruppa vert å forankre i overordna kommuneplan og til ei kvar tid gjeldande økonomi- og investeringsplan.

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

Framlegg til endring 1. linje i adminstrsjonen sitt framlegg til vedtak frå Kåre Skibenes, KrF:

Kommunestyret er nøgd med noverande resultat av arbeid med introduksjonsprogram. Ein ber rådmann arbeide for å oppretthalde måloppnåing med omlag 60 %.

Avrøysting:

Endringsframlegget frå Kåre Skibenes og framlegget frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

ULK - 04/2015 VEDTAK:

Kommunestyret er nøgd med noverande resultat av arbeid med introduksjonsprogram. Ein ber rådmann arbeide for å oppretthalde måloppnåing med omlag 60 %. Integreringsverksemd av flyktningar er eit samfunnsansvar, og det er difor sentralt at kommunen samordner og koordinerer ulike tenesteområder og samfunnsliv i arbeidet. Aktuelle mål, strategiar og tiltak for verksemda/målgruppa vert å forankre i overordna kommuneplan og til ei kvar tid gjeldande økonomi- og investeringsplan.

05/2015: Arbeid med individuell plan i Meland kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek informasjon om arbeid med individuell plan i Meland kommune til orientering.

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

Framlegg til tilleggstekst frå Kåre Skibenes, KrF:

Det er viktig at organiseringa av den koordinerande verksemda sikrar eit heilskapleg, koordinert og tverrfagleg tenestetilbod mellom tenesteytarar og pasient/brukar, samt mellom ulike tenesteområde og forvaltningsnivå.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak og framlegg til tilleggstekst frå Kåre Skibenes vart samrøystes vedteke.

ULK - 05/2015 VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon om arbeid med individuell plan i Meland kommune til orientering.

Det er viktig at organiseringa av den koordinerande verksemda sikrar eit heilskapleg, koordinert og tverrfagleg tenestetilbod mellom tenesteytarar og pasient/brukar, samt mellom ulike tenesteområde og forvaltningsnivå.

06/2015: Symjeopplæring i grunnskulen - Utreiing av moglege tiltak på kort og lang sikt

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår støttar opp om tiltak som Rådmann har skissert.

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 06/2015 VEDTAK:

Utval for levekår støttar opp om tiltak som Rådmann har skissert.

07/2015: Førebels utkast til kapasitetsdelen i barnehageplanen

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for levekår tek administrasjonen sitt utkast til barnehageplan for 2015-2020, kapasitetsdel til vitande».

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

Framlegg til endring frå Kåre Skibenes, KrF:

Utval for levekår ber administrasjonen om å arbeide vidare med datagrunnlag for kapasitetsdelen i barnehageplan til neste møte i mai 2015.
Administrasjonen tar med seg innspel frå møtet i det vidare arbeidet.

Avrøysting:

Endringsframlegget frå Kåre Skibenes vart samrøystes vedteke.

ULK - 07/2015 VEDTAK:

Utval for levekår ber administrasjonen om å arbeide vidare med datagrunnlag for kapasitetsdelen i barnehageplan til neste møte i mai 2015.
Administrasjonen tar med seg innspel frå møtet i det vidare arbeidet.

08/2015: Friluftslivets år kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommune vil støtte opp om Friluftslivets År 2015 og arbeide for måla om å gje friluftsliv auka merksemd og varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av befolkninga. Kommunen vil: - støtte opp om lokale arrangement og aktivitetar i Friluftslivets år. – vektlegge omsyn til friluftsliv i planarbeidet til kommunen. – stimulera kommunen sine barnehagar og skular til å bruke naturen i lek og læring. – statse på stien som aktivitetsanlegg. – bruke friluftsliv som eit positivt verkemiddel i folkehelsearbeidet i kommunen. – arrangere ordførarens tur; - ein open tur med ordføraren som turleiar. – stille opp til bålsamtale eller anna møte med friluftsforskingane i kommunen.

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 08/2015 VEDTAK:

Meland kommune vil støtte opp om Friluftslivets År 2015 og arbeide for måla om å gje friluftsliv auka merksemd og varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av befolkninga. Kommunen vil: - støtte opp om lokale arrangement og aktivitetar i Friluftslivets år. – vektlegge omsyn til friluftsliv i planarbeidet til kommunen. – stimulera kommunen sine barnehagar og skular til å bruke naturen i lek og læring. – statse på stien som aktivitetsanlegg. – bruke friluftsliv som eit positivt verkemiddel i folkehelsearbeidet i kommunen. – arrangere ordførarens tur; - ein open tur med ordføraren som turleiar. – stille opp til bålsamtale eller anna møte med friluftsforskingane i kommunen

09/2015: Kulturminneplan for Meland kommune 2016 - 2021 - Planprogram på høyring

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommune legg ut framlegg til Planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune 2016–2021 på høyring. Planarbeidet er i tråd med planstrategien for Meland kommune 2014–2016.

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 09/2015 VEDTAK:

Meland kommune legg ut framlegg til Planprogram for Kulturminneplan for Meland kommune 2016–2021 på høyring. Planarbeidet er i tråd med planstrategien for Meland kommune 2014–2016.

10/2015: Revidering av retningsliner for Kulturmidlar i Meland kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Retningsliner for kulturmidlar i Meland kommune vert godkjend slik dei ligg føre i del 2 av vurderinga

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 10/2015 VEDTAK:

Retningsliner for kulturmidlar i Meland kommune vert godkjend slik dei ligg føre i del 2 av vurderinga.

11/2015: Vedtekter for Meland kulturskule

Rådmannen sitt framlegg:

Vedtektene for Meland kulturskule vert endra på punkt 3, 4 og 23. dei øvrige punkta vert ståande som i vedtektene frå 2011.

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 11/2015 VEDTAK:

Vedtektene for Meland kulturskule vert endra på punkt 3, 4 og 23. dei øvrige punkta vert ståande som i vedtektene frå 2011.

12/2015: Førebyggjande tiltak og oppfølging ungdom

Rådmannen sitt framlegg:

1. Kommunestyret er positiv til at det vert etablert tverrfaglege samarbeidsfora (kjernegruppe) med politikompetanse på ungdomsskulane i kommune.
2. Kommunestyret er positiv til at rådmann sikrer at aktuelle tenesteområde etablerer tenlege oppfølgingstiltak/team som bidrar til at politimynde kan iverksette påtaleunntatelse med vilkår i aktuelle saker der ungdom er involvert.
3. Målsettinga med tiltaka over er mellom anna å styrkje tverrfagleg samhandling kring oppveksvilkår for ungdom, samt at ungdom som har ulike utfordringar (t.d. utprøving av kriminalitet og rusatferd) kan få naudsynt bistand utfrå individuelle føresetnader i nær samhandling med pårørande/foreldre.
4. Kommunestyret ønskjer at det vert etablert kriterium for evaluering av ordninga, og at det vert gjeve årleg orientering om utvikling.

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

Framlegg til nytt punkt frå Kåre Skibenes, KrF:

Kommunestyret ber om at tiltaka vert iverksett frå august 2015.

Avrøysting:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak og framlegg til nytt punkt frå Kåre Skibenes vart samrøystes vedteke.

ULK - 12/2015 VEDTAK:

1. Kommunestyret er positiv til at det vert etablert tverrfaglege samarbeidsfora (kjernegruppe) med politikompetanse på ungdomsskulane i kommune.
2. Kommunestyret er positiv til at rådmann sikrer at aktuelle tenesteområde etablerer tenlege oppfølgingstiltak/team som bidrar til at politimynde kan iverksette påtaleunntatelse med vilkår i aktuelle saker der ungdom er involvert.
3. Målsettinga med tiltaka over er mellom anna å styrkje tverrfagleg samhandling kring oppveksvilkår for ungdom, samt at ungdom som har ulike utfordringar (t.d. utprøving av kriminalitet og rusatferd) kan få naudsynt bistand utfrå individuelle føresetnader i nær samhandling med pårørande/foreldre.
4. Kommunestyret ønskjer at det vert etablert kriterium for evaluering av ordninga, og at det vert gjeve årleg orientering om utvikling.
5. Kommunestyret ber om at tiltaka vert iverksett frå august 2015.

13/2015: Status temaplan HSO

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek løypemelding om Temaplan HSO 2015-2018 til orientering. Administrasjon innarbeider innspel frå møte i det vidare planarbeidet.

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 13/2015 VEDTAK:

Utval for levekår tek løypemelding om Temaplan HSO 2015-2018 til orientering. Administrasjon innarbeider innspel frå møte i det vidare planarbeidet.

14/2015: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

17.02.2015 UTVAL FOR LEVEKÅR

Elna Bjørndal (H) orienterte om at Fellesrådet i møte 12.02. hadde oppe sak om kommunen si handtering av straumstans under uværet 10. og 11. januar. Rådmann var inviterte for å orientere om beredskapen i kommunen, men var forhindra i å møte.

ULK - 14/2015 VEDTAK:

Orienteringa vert teken til vitande.
